

# Kyrkjeblad for Fjell



„Herren høyrer frelsa til. Lat di velsigning vera yver ditt folk!“

---

Nr 1.

Utgjeve av soknerådet i Fjell.

1939

---

## År n o r d i n g .

„Mine sauar lyder røy mi, og eg kjenner dei, og dei fylgjer meg.“ Jøns. 10, 27.

I Det Heilage Landet går enno den dag idag hyrdingane ikring med saueflokkane sine. Det er merkeleg å sjå kor godt sauene kjenner hyrdingen sin og kor villigt dei fylgjer han. Gjætaren går fyre, og bøyer han inn på ein ny veg, spring dei straks etter han. Vil han skilja deim ut frå andre sauar som beiter på same mark, treng han berre ropa eit lite ord, so samlar dei seg om han. Om kvelden fører han deim til eit skur, der dei finn ly for natti mot kulden og vern mot ville dyr.

Jesus hai ein gong samanlikna seg med ein slik hyrding. Me skal vera hans sauar. Me skal læra å fylgja han der han går, lyda han i det han byd oss. Me skal vera retteleg stille og høyra etter det han vil segja oss når me opnar vår Bibel. Han talar til oss gjennom sitt ord. Då vil han også tala til oss under vårt arbeid um dagane. Og ingi anna røyst er so klår og rein og mild og god som hans.

Den skulde me serleg lyda på. Og har me lært oss til å høyra hans røyst gjenom all larm og uro i verdi, so treng me ikkje vera redde for å vildra oss burt. Den Gode Hyrdingen samlar oss om seg for å føra oss trygt fram til farshuset, og der skal me finna vern mot all synd og alle fårar. Der skal me få høyra hans røyst som seier: «Kom hit de velsigna born av Far min.» Det skal verta trygt og godt å kjenna att den røysti der heime.

Høyr då godt etter røysti hans under andaktane, heime, i kyrkja og i samlingar og når du opnar din Bibel, so du kann vera sikker på å kjenna att røysti hans på den siste dagen.

(Etter Joelson)

---

## Gudstenesta.

„Og dei heldt trutt fast ved læra åt apostlane, ved samfundet, ved brødsbrottingi og ved bønene“. Ap.gj. 2,42.

Hjartepunktet i ein kristen kyrkjelyds liv er gudstenesta, samlingi om Guds ord og sakramenti. Slik har det vore alt frå den fyrste kristentid som Apostelgjerningane syner. Kristenlivet er nok fyrst og fremst dei einskilde menneskjes samliv med Gud men det er også samfundsliv. Det vert forplanta, det veks og finn næring i samfundet med andre. Korleis skulde det vel vera onnorleis? Kristenlivet må fylgja lover som gjeld for alt menneskelegt åndsliv. Ingi sida av menneskelegt åndsliv har ei sterkare evna til å skapa samfund enn den religiøse. Kristentrui er den største samfundsmakt i verdi. Ho sam einer menneske i ei tru, ei von og ein kjærleik, um dei er kvite, gule eller svarte. Guds ord, sakramenti, bønene, salmane, kallar til liv med Gud og til kjærleg samliv med kvarandre. I gudstenesta vert me kalla til: 1. bot for våre synder, 2. til å tru av hjarta på Jesus og 3. til dagleg å betra vårt liv. (Inngangsbøni.)

Gudstenesta si gode innverknad på vårt religiøse og sedellege liv kann ikkje verdsetjast høgt nok. Den som flittig tek del i gudstenesta vert meir og meir glad i henne, fordi ho gjev so mykje til å gjera sjeli frisk og sterk. Ein vert heime i det som høyrer Gud til. Den som sjeldan eller aldri tek del i gudstenesta vert ein framand i Guds hus og må sakna den kraft og gleda som Gudstenesta gjev. Difor skal me tidleg venja oss til å gå i kyrkja.

(Etter Ivar Holsviks bok: Kirkekunnskap.)

# *Sju gode råd til dei unge.*

1. Gløym ikkje bøni. Ved bøni vert vegane haldne opne mellom deg og din Gud. Men utan bøn vert dei stengde og du vildrar rådlaus ikring på jordi. Lat ogso denne vesle bøni vera med: Kjære Herre Gud, gjev meg idag høve til å gjera noko godt, og hjelp meg til å nyulta høvet. — Og når kvelden kjem, tenk då etter um det har lukkast for deg.

Det vil ogso vera nyttigt for deg om du kvar dag les eit lite stykke av Bibelen, helst av evangelie eller brevi. Då dei ein gong spurde ein ung mann kvifor han kvar dag las i Det Nye Testamente, svara han: «Eg må fylla mi sjel med heilage tankar.»

2. Kom ofte og ver med i gudstenesta i kyrkja, og unnsjeli di den reinsing og høgtid alltid på ny å koma til Herrens bord — — — Du kann nok ein og annan gong bruka sundagen ute i naturi um sumaren eller om vinteren og fritt ha gleda av det. Man lat det ikkje henda for ofte. For du kann ikkje vera kristen utan kyrkjelyd.

3. I det heile kann du ikkje greida deg utan sjølvnekting. Dersom du alltid sparar deg sjølv og gjev etter for di lyst, vert du berre blautt kjøt, som ikkje duger for Guds rike og ikkje duger til noko. — — — Men sjølvnekting og ein sterkt karakter høyrer saman. Sjølvnekting og tru og kjærleig og reinleik høyrer saman. Dei er syskin og kann ikkje leva utan kvarandre.

4. Vara deg for därlege vener. Det er næsten ingen ting som øydelegg fleire unge menneske enn därlege vener. Søk å vinna gode vene og hald fast på deim. Det er ljos og hjelp på vegen. — — — Men ein er venen yver alle vene, han som døydde for deg. Ingen har større kjærleik enn denne at han set livet til for sine vene. Han segjer: De er mine vene, dersom de gjer det eg byd dykk.»

5. Skulde du nokon gong koma til å tvila på om kristendomen er sann, so er det eit råd som aldri slær feil: Bed i hjarta ditt denne bøn: «Gjev meg, O gud eit vakje samvit!»

6. Ver tru og flittig i kva gjerning du fær å stella med, anten den er liten eller stor. Med det ærar du Kristus og vert til nytte for andre menneske. — — — Men ver heller ikkje rædd for å vitna um Kristus med din munn! Kvifor skulde du det? Det er då ei stor ærafor deg.

7. Og ver ljos og glad. Prøv å vera ljos ogso når du

har det vondt. Det skulde alltid vera noko ljest ved ein kristen  
Det skulde alltid vera noko ljest ved deim som er døypt til  
namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande til å vera  
born åt ljoset i forsaking og tru.

(Gustav Jensen skreiv desse 7 gode råd for sine konfirmantar)

---

## Gudstenestor og andre kunngjeringar.

16. s. e. trieining 24/9 Fjell kyrkja kl. 11 f. m. Konfirmasjon.  
Offer til vøling av kyrkja.  
Måndag 25/9 Fjell kyrkja kl. 11 f. m. Skriftemål og altargang  
for konfirmantar med foreldre og andre.  
17. s e. trieining 1/10 Venestemna på Kårvæit. Ingi gudstenesta  
i kyrkja.  
18. —»— 8/10 Fjell kyrkja kl. 11 f. m.  
19. —»— 15/10 Fjell kyrkja kl. 11 f. m. Ungdomsgudstesta.  
Konfirmanifest i Kolltveit ungdomshus om ettermiddagen
- 

## Kyrkjeforeiningi på Fjell

skipar til basar i Ungdomshuset på Fjell laurdag 7 oktober.  
Program seinare.

---

## Sundagsskule

vert halde kvar preikesundag i Fjell kyrkja kl 10 f. m. når ik-  
kje anna er kunngjort,

---

## Kyrkjebladet for Fjell

vil gjerne koma som ei liti helsing om mogeleg til alle hus og  
heimar i Fjell prestegjeld. Måtte Guds signing fylgja bladet !

---

Redaktør: sokneprest Boge.

---

Trykt i Øystese Trykkeri.